

EITT ÅR TIL KOMMUNEVALET

Einaste småbarnsmor i kommunestyret

Er det mogleg å kombinera politiske verv med jobb og eit hektisk småbarnsliv? Ja, meiner Kristi Pedersen Madsen (H), dersom partia lyttar til innspel og legg best mogleg til rette.

Helen Frøyseth
helen@tysnesbladet.no

Debatten let ikkje venta på seg etter at Une Bastholm i MDG kunnigjorde at ho trekte seg som partileiar for å vera meir til stades for familien. Fleire rykte ut i media og sprude om det i et heile år er mogleg å kombinera livet som småbarnsmor med det å vera partileiar.

I Dagsnytt 18 onsdag sist veke uttalte partileiar Guri Melby i Venstre at dette også er noko som er utfordrande i lokalpolitikken.

– Eg har sete i lokalpolitikken sjølv i mange år, og vil hevda at det nesten er vanskelagare å vera lokalpolitikar enn å sitja på Stortinget, på grunn av alle kveldsmøta.

Melby sa vidare at gruppe-møta til Venstre tidlegare var frå klokka 15.00-17.00, men no er flytta til 14.00-16.00, slik at dei som har behov for å henta i barnehagen kan gjera det.

– Om politikken vert ei verd som berre er for folk som er vilitige til å leggja ned 20 timer i dogetret og som er til stades på jobb heile tida, får me et alftor snevert utval menneske som engasjerer seg i politikk, seier Madsen.

Har sjølv kjent det på kroppen
Kristi Pedersen Madsen (25) er for tida einaste småbarnsmor i kommunestyret, av dei faste medlemmane. Ho er også Høgre sin ordførarkandidat ved valet neste år.



BÅDE LEIKEPLESS OG KOMMUNESTYRESAL: – Eg håpar det kan vera eit positivt signal på Tysnes at eg sjølv har halde fram med å vera delaktig i politikken dei siste åra, sjølv om eg er blitt mamma, seier Kristi Pedersen Madsen (H).

– Dette er ein utrølleg spennande og viktig debatt i minne auge. Eg har sjølv fått kjenna noko av det som vert problematisert i denne debatten på kroppen. I Tysnes Høgre har me for ei god stund tilbake gjort nokre endringar i partiet som skal gjera det lettare å kombinera livet som småbarnsfødre med politiske verv, men det er nok eit stort potensiale i politikken generelt, med tanke på å gjera denne typen verv tilgjengelige for folk i ulike livssituasjoner, seier Madsen.

Kveldsmøte kan vera utfordrande
Ho peikar blant anna på klokka 16.00, og varar som regel mellom to til tre timer. Gruppemøte i partia er og vanlegvis sett til kvelden.

– Sjølv sagt er det veldig interessant å sjå på mogelegenhet for å leggja møta til andre tider enn på kvelden. Det ein vil sikra når ein legg opp møteplanen er at tidspunktet passar for ei breiast mogeleg samling menneske. Dette gjeld sjølv sagt at småbarnsfødre skal få mogelegenhet til å engasjera seg, men også andre som har travle kvardagar. Det kan vera ungdomar, noko som har andre typer omsorgsansvar, eksempelvis sjuke førelde, det kan vere noko som engasjerer seg frivillig, eksempelvis som handballtrener eller i korps osv. At desse gruppene også skal ha mogelegenhet til å delta i politikken er heilt nødvendig for å sikra at me får eit representativt demokrati i kommunestyra og utvala som speglar heile befolkninga, seier Madsen.

Kommunestyremøta i Tysnes kommune startar i dag klokka 16.00, og varar som regel mellom to til tre timer. Gruppemøte i partia er og vanlegvis sett til kvelden.
Andre grep Madsen trur kan vera med på å rekruttera småbarnsfødre, er å få tilsendt

sakspapira i god tid før dei politiske møta.

– Her trur eg me har mykje potensiale. Dette veit eg at det har blitt jobba med fleire gongar tidlegare, og det har nok betra seg noko, men slik ein ser praksisen no, vert ofte sakene sendt ut torsdag eller til og med fredag ettermiddag. Så er gruppenøta ofte måndag, noko som resulterer i at ein i realiteten ofte berre har ei helg å lesa seg opp på. Dette kan heilt klart vera problematisk for mange, men kanskje spesielt småbarnsfødre. Helger er verdfullt familielivet i ein travl kvardag, og så langt og kjenner livet til meg sjølv og andre småbarnsfødre, er helger med små barn ofte relativt hektiske og, uttalar Madsen.

Må lytta til innspel

Ordførarkandidaten trur det handlar om å lytta til innspel frå dei som er folkevalde og dei som ynskjer å bli det, og å ta dei grepene som det er mogeleg å.

– Tykket kan det vera ganske enkle grep som kan gjera kvardagen litt enklare for folk. Eksempelvis som då me i Tysnes Høgre har lagt stan-darden for gruppenøta til klokka 19.00 i staden for kl. 18.00, etter innspel frå ein forelder. Et anna tiltak me har gjort er å forsøka å ta korte møte digitalt. I tillegg har me full aksept og forståing for at det av ulike årsakar kan vera vanskeleg for gruppedellemmer, og då ofte spesielt dei som har små ungar, å skaffa barneplass og koma seg ut av huset for å få på møte. Då er dei hjarteleg velkomne til å delta digitalt i vårt fysiske møte, om dei ynskjer det, fortel Madsen.

Vanskeleg å rekruttera

Den politiske ringjeringunden for å rekruttera folk til nominasjonslistene er snart i gang i alle dei politiske partia på Tysnes.

Tysnes Høgre har sett ned ei nominasjonsnemnd som er i gang med prosessen. Eg er med i denne nemnda, og til trass for at me ikkje har komme så langt at me veit sikkert kven me får oss på lista denne gangen, er det ingen tvil om at det tradisjonelt sett har vore veldig vanskeleg å rekruttera småbarnsfødre, og då spesielt kvinner. Dette er sjølv sagt ikkje unikt for Tysnes, men er noko ein ser i kommunar rundt omkring i heile Norge, seier Madsen.

Madsen trur også at det å få fleire ungdomar inn i folkevalde verv kan vera ein del av løysinga.

– Dersom unge opplever å få skikkelse tilhøyrse i eit lokallag før dei blir førelde, trur eg også det vil bli lettare å få desse til å bli verande i politikken når dei får barn, og går inn i ein periode av livet der det kan kjennast strabasiost å kasta seg inn i noko heilt nytt.

Likevel optimistisk

– I år håpar eg sjølv sagt at me vil klara å rekruttera småbarnsfødre enklare enn tidlegare år. Dette håpar eg både med bakgrunn i samfunnet si utvikling dei siste åra med tanke på likestilling både i og utanfor heimen, men eg håpar også at det kan vera eit positivt signal på Tysnes at eg sjølv har halde fram med å vera delaktig i politikken dei siste åra, sjølv om eg er blitt mamma. Til alle småbarnsfødre som ikkje heilt veit om dette er noko som er mogeleg å kombinera, kan eg seia at det faktisk går veldig fint, og ikkje minst at det er veldig kjekt arbeid, avslutar Madsen.

Har som mål at annankvar kandidat på lista er kvinne

Arbeidet med å fylla nominasjonslista til Tysnes SV med namn er godt i gang.

Helen Frøyseth
helen@tysnesbladet.no

– Sjølv om me langt frå er komme der me ynskjer, har me god tru på å ha ei liste med gode kandidatar frå heile kommunen innan fristen, seier partileiar Gjermund Lygre Kongsvik i Tysnes SV.

Han seier vidare at utfordringa med å gjera det interessant, attraktivt og mogeleg å engasjera seg i politisk arbeid



JOBBAR MED LISTE: – For Tysnes SV er brei representasjon viktig, og eit sjølv sagt fokusområde, seier partileiar Gjermund Lygre Kongsvik. (Arkivfoto: Vidar Alfarnes)

og verv for alle som ynskjer det er noko Tysnes SV ser på som særst viktig, og kjem til å ta med seg inn i kommunestyresalen.

– Til debatten om småbarnsfødre og politiske verv kan eg nemna at av fire i styret til Tysnes SV er småbarnsføredre, seier Lygre.

Ikkje berre for ressurssterke
Partiet har som mål å stilla med ei nominasjonsliste til valet neste år der annakvar kandidat er kvinne.

– For Tysnes SV er brei representasjon viktig, og eit sjølv sagt fokusområde. Det å ta del i politikk og samfunnsut-

vikingla skal ikkje berre vera for dei mest ressurssterke. Ein trenge eit visst overskot for å delta i det politiskelivet, sørleg som kvinne med små barn.

Tysnessamfunnet er ikkje tent med at engasjerte innbyggjarar ikkje finn tid eller overskot til å bidra i lokalpolitikken. Me har stor vilje og fleksibilitet til å tilpassa oss i høve møte og liknande. Den einskilde sin kapasitet vil sjølv sagt variera mellom anna med forskjellige livsfaser og tilhøyrande konfliktingar opp mot familie, både små barn og eldre førelde, seier Lygre.

Mjuke verdiar viktig

Partileiaren understrekar samstundes at det må vera rom for at ein i periodar ynskjer eller trenge å prioritere familien.

– Som samfunn må me anerkjenna dei mjuke verdiane. Dette er ei investering i framtida, som me må legga til rette for at er like naturleg å ta bade for menn og kvinner. Då blir det også endå meir viktig at me som politikarar er aktive i å oppsøka og innhenta kunnskap om kva tysnesingane er opptekne av, avsluttar Lygre.